



Helse Fonna HF
Att. Reidun Mjør
Postboks 2170
5504 Haugesund

Vår ref: (oppgje ved kontakt)
2018/1294

Dykkar ref.:

Saksbeh.: Anne Kristin Kleiven,
tlf: 57839892

FØRDE,
16.mai 2018

Utviklingsplan for Helse Fonna - høyringsinnspel

Viser til dykkar høyringsbrev, datert 09.04.2018

Helse Førde har følgjande innspel til planen:

Utviklingsplanen syner at Fonna er i gang med og planlegg eit vidare omfattande og framtidretta utviklingsarbeid.

Som dei to minste føretaka i Helse Vest har Helse Førde og Helse Fonna mange felles utfordringar. Våre to helseføretak har ein tilnærma lik sjukehusstruktur. Dykkar skildring av at «Sjukehusa i helseføretaket skal fungere saman i eit forpliktande nettverk både fagleg og organisatorisk og sikre ei føremålstenleg oppgåvefordeling til beste for pasient» er også svært relevant for oss. I ei tid med aukande moglegheiter for å nytte telemedisin og anna teknologi, er føresetnadane for å utvikle endå betre faglege og pasientretta nettverk mellom sjukehus til stades.

Helse Førde ønskjer som dykk å nytte nybygg til å skape meir og betre samhandling mellom faggruppene internt i sjukehuset. Vi bør legge til rette for å lære av kvarandre i dei omfattande prosessane vi no skal gjennom. Helse Førde vil følgje dykkar planar om felles mottak og observasjonspost på tvers av alle pasientgrupper med interesse. Dette synest å vere eit modig og framtidretta grep.

Våre to føretak har også det til felles at vi har mange gjestepasientar til Helse Bergen. Eit slikt samarbeid i Helse Vest er avgjerande for å sikre god og trygg pasientbehandling innan det breie feltet av fag og spesialitetar. Helse Førde ønskjer å arbeide for å betre pasientforløpa for dei pasientgruppene som får delar av / heile behandlinga utanfor eige føretak. Dette er eit mogleg område vi kunne samarbeidd om.

I arbeidet med å utjamne uønska variasjon, vil vi gjere merksam på at Helse Førde har ei nasjonal rolle med eit eige Helseatlas-team. Vi vil invitere dykk til å ta kontakt med teamet ved behov.



Det framskrivne behovet for psykologar, legar og spesialsjukepleiarar som er presentert i planen syner ei stor auke i åra framover. Dette i kombinasjon med at Helse Fonna (likeins med Helse Førde) har utfordringar når det gjeld rekruttering innan fleire sentrale spesialitetar, gjer behovet for planlegging og gjennomføring av modifierande tiltak stort. Frå Helse Førde si side er det ønskjeleg å diskutere med Fonna korleis vi kan møte utfordringa.

Med venleg helsing

Arve Varden
Administrerende direktør
Helse Førde HF

Anne Kristin Kleiven
Forskning og utviklingsdirektør
Helse Førde HF